

– Frigjering frå kansellispråket

– Å krevje at ein viss prosentdel av dommane skulle vore skreve på nynorsk, ville kunne oppfattast som eit brot på prinsippet om at dommarar er uavhengige. Men skriv ein dommen på nynorsk, kan ein frigjera ein seg frå kansellispråket og dommen kan bli enklare å forstå for folk flest. Dette seier leiar i Juristmållaget, Gunnar O. Hæreid.

Av Åste R. Ruud

Hæreid, som til dagleg jobbar hos Regjeringsadvokaten, meiner òg at det slik det er i dag, er det eit privilegium for dommarar å skrive dommar på den målforma ein ønskjer, sjølv om distriktet brukar ei anna målform. Dette gjeld både for den som skriv nynorsk og den som skriv bokmål. På andre sida må det forventast at den dommaren som uttrykkjer seg på minoritetsspråket nynorsk i eit område der nynorsk dominerer, sjølv om dommaren har bokmål som naturleg målform, vil kunna hausta mykje godvilje i området. Her må ein ta med seg biletet av den dansktalande embetsmannen som på 1700-talet kom til eit landdistrikt. Den embetsmannen som nekta å forhalda seg til det lokale folkemålet, vart langt mindre populær enn den som med interesse prøvde å setja seg inn i lokale ord og uttrykk.

Motivere for nynorsk

– Eg trur det viktigaste er å jobbe for at dei som skriv nynorsk ikkje blir motarbeidde verken i studiet eller i arbeidslivet, seier Hæreid.
– Spesielt under studiet i Oslo kjenner ein seg ganske aleine når ein skriv nynorsk. Ein skal gjerne vera ganske sta for å stå imot presset om å skifte målform. I Bergen er det motsatt, opplever han.

– Der oppfordrar professor Johan Giertsen i sin årlege opningstale studentane til å skrive nynorsk, trass i at professoren sjølv skriv bokmål. Han viser til at nynorskstudentane gjerne gjer det betre enn bokmålskrivande elevar. Nynorskstudentane, som sjeldan kan bruka nøyaktig same omgrep som lærebøkene, blir tvinga til å gå inn bakom omgrepa og finna ut kva dei nøyaktig inneber med andre ord. Dette er i starten krevjande for studentane, men gir ein veldig styrke når dei først har knekt koden.

Frå bokmål til nynorsk

– Største fordel med å nytte nynorsk er at ein frigjer seg frå kansellispråket som juristar ofte nyttar. Språket blir nærast automatisk meir folkeleg.

Ein av utfordringane med å nytte nynorsk er at det juridiske området er omgrepsbasert og at mange av dei bokmålske omgrepa har utgangspunkt i dansk, seier Hæreid.

– Men vi ser òg at ein del av dei nynorske omgrepa har vorte tekne i bruk i bokmål. Nokre eksempel på dette er til dømes omgrepet "billighetserstatning". Det er bytt ut med "rettferdsvederlag". Like eins er omgrepet "uteblivelsesdom" bytta ut med "fraversdom". (tilpassing frå det nynorske fråversdom), "trygd" er det



Gunnar O. Hæreid

gamle nynorske ordet for "forsikring eller sikkerhet" og "løyve" blir ofte brukt i staden for "bevilling".

– Vi har likevel omgrepet innanfor nynorsk som kan vere ei utfordring for folk flest. "Orskurd", som på bokmål er "kjennelse", er eit av desse. Men dette er eit ord som folk flest absolutt bør kjenne til.

– Omgrepet orskurd har røter tilbake til Gulatingslova. Når bøndene møttest til tings la dei som hadde ein tvist gåande, fram tvisten for lagmannen. Han var den lovkunnige, og han skar or lova det lova hadde å seie, forklarar Gunnar O. Hæreid. Orskurd tyder med andre ord "skjera ut av". Dette er same opphavet som det latinske "decisio" – og med ei slik historie bak omgrepet, har ikkje då ordet "ordskur" meir ved seg enn det lite forklarande "kjennelse"?

Målbruk i offentleg teneste

Regionale statsorgan skal nytte fleirtalsmålforma i tenestekrinsen i alt allment informasjonstilfang. Lokale statsorgan skal nytte den målforma kommunen har gjort vedtak om. Sentrale statsorgan, som har heile landet som tenestekrins, skal syte for at "rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang og liknande" som organet lagar, vekslar mellom bokmål og nynorsk slik at ingen av dei to målformene i den samla mengda av teksttilfang er representert med mindre enn 25 prosent, jf. mållova § 8 fyrste ledd og forskriftene § 6.

Kjelde: Språkrådet